



Finansdepartementet

## **Eigedomsskatt på arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk - høyringsvar**

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd gir følgjande fråsegn:

Sogn regionråd ber om at regjeringa forkastar dei to alternative forslaga som i realiteten inneber ei avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk.

Eigedomsskatt er både prinsipielt og økonomisk ei viktig inntektskjelde. Kommunar har stilt areal og naturområde til disposisjon for store utbyggingsprosjekt av kraftlinjer og industrianlegg. Forventa eigedomsinntekter har vore viktig motiv for kommunane si positive haldning til etablering av slike anlegg. Inntektene blir av konsesjonsstyremaktene rutinemessig framheva som ein positiv verknad. Vi ser det som urimeleg at dei store kraftlinjene og dei store industrianlegga i regionen ikkje skal kunne gje kommunane årlege inntekter i form av eigedomsskatt. Eigedomsskatten er den einaste kommunale skatteordninga for desse anlegga og sikrar at kommunane får sin naturlege og rettkomne del av verdiskapinga.

Som KS viser til vil kommunane få store inntektstap om eigedomsskatten blir fjerna, og som igjen vil gå utover kommunal velferd og tenestetilbod. KS sine utrekningar viser større inntektsbortfall for kommunane enn det departementet har anslått. For regionrådskommunane er inntektsbortfallet berekna til om lag kr 35-38 mill årleg. Departementet sitt endringsframlegg inneber ei dreining av offentlege inntekter frå kommunesektoren til staten.

Ei avvikling av eigedomsskatt på verk og bruk framstår som eit brot på den samfunnskontrakten som er inngått mellom staten og kommunane som har stilt sine naturressursar til rådvelde for storsamfunnet.

Det vert elles vist til fråsegnene frå kommunane i Sogn regionråd.

Med helsing

Harald N. Offerdal  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*